

Medlemsinfo Norsk Kasjmirlag desember 2015.

Årsmøtehelga 2016:

22 -24 januar inviterer vi til årsmøtehelg på Oset Høyfjellshotell, Golsfjellet. Vi startar fredag kveld med mat og sosial samling. Laurdag legg vi opp til fagdag med aktuelle tema innan kasjmirgeithald. Sjølve årsmøtet vert halde søndag før lunsjtid.

Programmet for fagdagen ser i skrivande stund slik ut:

Hovudtema vert hus for geit, med vekt på løysingar tilpassa både geit og røktar. Ein fjøs skal vera tenleg både for dei dyra som skal bu der, og for dei folka som skal arbeida der. Og så skal den passa inn i tun og landskap! Landbrukshøgskulen på Ås (som diverre ikkje heiter det lenger...) har arbeidd mykje med geita sine spesielle krav til vinterhus m.m. Det er og andre aktørar som utviklar nye løysingar for bruk av tre i driftsbygningar.

Endeleg program vert utsend etter nyttår. Andre innslag er og under planleggjing.

På årsmøtedelen har vi standard årsmøtesaker. Saker som medlemene ynskjer å ta opp til vedtak på årsmøtet, må sendast leiar innan 15 januar 2016.

Påmelding direkte til hotellet innan 10 januar!

Telefon: 32 07 95 00 e-post: gudrun@oset.no

Prisar:

Kr 1990 pr person i heilpensjon fredag til søndag (inkluderer alle måltid frå middag fredag kveld til brunsj søndag). Kr 1390 for laurdag til søndag. Kr 200 pr døgn i enkeltromstillegg. Kr 390 for dagpakke.

Vel møtt til årsmøtehelg på Oset!

Helsing Norsk Kasjmirlag

Jostein Kvåle. Leiar

www.kasjmirlaget.no